

## AVGJERD nr. H3

2016/EØS/12/29

av 15. oktober 2009

**om datoen som det skal takast omsyn til ved fastsetjing av vekslingskursane som er nemnde i artikkel 90 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009**

(2010/C 106/19)(\*)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN FOR  
KOORDINERING AV TRYGDEORDNINGAR HAR —

med tilvising til artikkel 72 bokstav a) i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 av 29. april 2004 om koordinering av trygdeordningar<sup>(1)</sup>, der det er fastsett at Den administrative kommisjonen har ansvaret for å handsame alle administrative spørsmål eller tolkingsspørsmål som følgjer av føresegnene i forordning (EF) nr. 883/2004 og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009 av 16. september 2009 om fastsettelse av nærere regler for gjennomføring av forordning (EF) nr. 883/2004 om koordinering av trygdeordningar<sup>(2)</sup>,

med tilvising til artikkel 90 i forordning (EF) nr. 987/2009 om omrekning av valuta og

ut frå desse synsmåatane:

- 1) Mange føresegner, til dømes artikkel 5 bokstav a), artikkel 21 nr. 1, artikkel 29, 34 og 52, artikkel 62 nr. 3, artikkel 65 nr. 6 og 7, artikkel 68 nr. 2 og artikkel 84 i forordning (EF) nr. 883/2004, og artikkel 25 nr. 4 og 5, artikkel 26 nr. 7, artikkel 54 nr. 2 og artikkel 70, 72, 73, 78 og 80 i forordning (EF) nr. 987/2009, viser til tilfelle der det er naudsynt å fastsetje vekslingskursen ved utbetaling, utrekning eller omrekning av ei yting, eit tilskot eller ein refusjon, eller med sikte på motrekning og innkrevjing.
- 2) Ved artikkel 90 i forordning (EF) nr. 987/2009 får Den administrative kommisjonen fullmakt til å fastsetje kva dato som skal gjelde for fastsetjinga av dei vekslingskursane som skal nyttast ved utrekning av visse ytingar og tilskot.

Avgjerda er teken i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i artikkel 71 nr. 2 i forordning (EF) nr. 883/2004 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

1. I denne avgjerda tyder «vekslingskurs» den dagskursen som vert offentleggjort av Den europeiske sentralbanken.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT C 106 av 24.4.2010, s. 56, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 133/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 21.

<sup>(1)</sup> TEU L 166 av 30.4.2004, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEU L 284 av 30.10.2009, s. 1.

2. Dersom det ikkje er oppført noko anna i denne avgjerda, skal vekslingskursen vere den kursen som er offentleggjort den dagen då institusjonen gjennomfører den aktuelle transaksjonen.
3. Ein institusjon i ein medlemsstat, som ved fastsetjinga av ein rett og ved den første utrekninga av ytinga må rekne om ein sum til valutaen i ein annan medlemsstat, skal nytte følgjande metode:
  - a) når institusjonen, i samsvar med nasjonal lovgjeving, tek omsyn til summar som til dømes inntekter eller ytingar, i eit visst tidsrom før datoen då ytinga vert rekna ut, skal han nytte den vekslingskursen som vart offentleggjort for den siste dagen i dette tidsrommet,
  - b) når institusjonen, i samsvar med nasjonal lovgjeving, tek omsyn til éin sum med sikte på utrekning av ytinga, skal han nytte den vekslingskursen som vart offentleggjort for den første dagen i månaden rett før den månaden då føresegna må nyttast.
4. Nr. 3 skal nyttast tilsvarende når ein institusjon i ein medlemsstat må gjere ei ny utrekning av ytinga på grunn av endringar i den faktiske eller rettslege situasjonen til den personen som det gjeld, og rekne om til valutaen i ein annan medlemsstat.
5. Ein institusjon som betalar ut ei yting som jamleg vert indeksregulert i samsvar med nasjonal lovgjeving, og der summene i ein annan valuta har innverknad på denne ytinga, skal ved omrekning av ytinga nytte den vekslingskursen som gjeld den første dagen i månaden rett før den månaden då indeksreguleringa finn stad, med mindre noko anna er fastsett i den nasjonale lovgjevinga.
6. Når det gjeld framgangsmåtar for motrekning og innkrevjing, skal den vekslingskursen som vert nytta ved omrekning av den summen som skal trekkjast frå eller utbetalast, vere lik den vekslingskursen som gjeld den dagen då søknaden vart send første gongen.

7. For føremåla med artikkel 65 nr. 6 og 7 i forordning (EF) nr. 883/2004 og artikkel 70 i forordning (EF) nr. 987/2009 skal den datoen som skal gjelde for fastsetjinga av vekslingskursen, vere den første dagen i kalendermånaden då refusjonsperioden tok slutt, når den summen som faktisk vert utbetalt av institusjonen på bustaden, vert jamført med den høgste refusjonssummen som er nemnd i artikkel 65 nr. 6 tredje punktumet i forordning (EF) nr. 883/2004 (den summen som ein person ville hatt rett til som yting i samsvar med lovgjevinga i medlemsstaten der han/ho sist var underlagd lovgjevinga, dersom personen var registrert hjå arbeidsformidlinga i denne medlemsstaten).
8. Denne avgjerda skal reviderast eitt år etter at forordning (EF) nr. 883/2004 og forordning (EF) nr. 987/2009 tek til å gjelde.
9. Denne avgjerda skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*. Ho skal nyttast frå datoen då forordning (EF) nr. 987/2009 tek til å gjelde.

Lena MALMBERG

*President for Den administrative kommisjonen*